

Emnerapport for NORMAU641 og NOSP-emna i Språkbruksanalyse

Våren 2016

Emnet har hatt blokkundervisning: 3 x 2 dagar. Emnet har hatt tre komponentar: (a) metafor og tekst (kort: metafor), (b) retorikk og argumentasjon (kort: retorikk) og (c) stilistikk og tekstbinding (kort: stilistikk). Det har vore tre ulike lærarar, éin for kvar komponent.

Studentar på NORMAU641 har skrive ei mappe med ei oppgåve frå kvar komponent. Studentar på NOSP250 har skrive BA-oppgåve og tatt ein breiddetest på 2 timar. Studentar på NOSP210 og -310 har hatt 6 timars skuleeksamen. Studentar på NOSP210-L (10 stp) har valt vekk éin komponent og har hatt 4 timars skuleeksamen.

Gjennomføring av evalueringa

Studentane si emneevaluering blei gjord på spørjeskjema som blei delte ut på den siste undervisningsdagen.

Studentane blei spurt om dei var NORMAU- eller NOSP-studentar.

For kvar komponent vart studentane bedt om vurdere kor fornøgde dei var med (a) at temaet er del av emnet, (b) pensum, (c) eigeninnsats, (d) undervisninga. Skalaen hadde sju nivå: svært/temmeleg/litt misfornøgd, verken–eller, litt/temmeleg/svært fornøgd. Desse er omrekna til verdiane 0–6 i presentasjonen nedanfor.

Dei fekk vidare desse spørsmåla:

Har du tankar om at du vil bruke noko av det du har lært her, i eit framtidig masterprosjekt?

Kva er du generelt mest fornøgd med?

Kva er du generelt minst fornøgd med?

Har du anna på hjartet?

Ein veikskap ved framgangsmåten er at vi ikkje veit kor mange studentar på NOSP210-L som ikkje var til stades fordi dei hadde valt vekk den siste komponenten.

Hovudmoment frå evalueringa

NOSP-studentane var noko meir fornøgde med at temaa er med i emnet (snittskår 5,6 for metafor og for retorikk, 5,5 for stilistikk), enn NORMAU-studentane (5,1 for retorikk, 4,7 for metafor, 4,1 for stilistikk).

NOSP-studentane var òg noko meir fornøgde med pensuma (4,6 for retorikk, 4,1 for stilistikk, 3,5 for metafor) enn NORMAU-studentane (4,4 for retorikk, 3,9 for metafor, 3,2 for stilistikk). Nokre av NOSP-studentane gav uttrykk for at dei var misfornøgd med at metaforpensumet er på engelsk.

NOSP-studentane vurderte eigeninnsatsen sin heller likt for komponentane (4,0 for retorikk, 3,9 for stilistikk, 3,6 for metafor), mens NORMAU-studentane var markert mindre nøgde med eigeninnsatsen sin i stilistikk enn i dei andre komponentane (4,4 for metafor, 4,3 for retorikk, 2,7 for stilistikk).

NOSP-studentane var godt fornøgde med undervisninga i alle komponentane (5,5 for metafor, 5,4 for stilistikk, 5,3 for retorikk), mens NORMAU-studentane var litt mindre nøgde med undervisninga i stilistikk (5,4 for metafor og for retorikk, 4,4 for stilistikk). Undervisninga blei framheva som det beste ved emnet av fleire studentar.

Nokre av NORMAU-studentane ønskte meir skuleinnretning av emnet. Nokre av NOSP-studentane ønskte seg fordeling av undervisninga gjennom semesteret og var misfornøgde med lange dagar.

Oppsummering









Evalueringa av undervisninga er meir enn tilfredsstillande og er særleg god for metafor og for retorikk. Problemet med engelsk pensum i metafor-teori er kjent, men er vanskeleg å gjere noko med sidan det ikkje finst liknande litteratur på skandinaviske språk. Det kan verke som om temaet stilistikk og tekstbinding ikkje er heilt ideelt for NORMAU-studentane, mens NOSP-studentane er like fornøgde med denne komponenten som med dei andre. At somme NORMAU-studentar ønsker seg ei meir didaktisk innretning, er òg kjent frå før. Men ei sterkare innretting mot skulen strir mot omsynet til dei NOSP-studentane som ikkje tar sikte på læreryrket. Ulempene for NOSP-studentane med samlingsbasert undervisning er velkjende, men det er vanskeleg å løyse opp att hopehavet mellom NORMAU og NOSP så lenge undervisningsstillingane i nordisk språk stadig blir færre.

Resultat av vurderinga











Emne	A	B	C	D	E	F	Vurderingsform
NORMAU641	1	5	3	–	–	–	Tredelt mappe
NOSP210	–	3	1	2	–	1	6 timars eksamen
NOSP210-L	–	1	–	–	–	–	4 timars eksamen
NOSP250	–	2	–	–	1	–	BA-oppgåve, 2 timars eksamen
NOSP310	–	–	–	1	–	–	6 timars eksamen

Karakterfordelinga tyder på at mapper blir vurderte til uforholdsmessig gode resultat. Elles er vel fordelinga omtrent normal.

Komponenten Metafor er tekst



Komponenten Retorikk og argumentasjon



Komponenten Stilistikk og tekstbinding

